


# PROSJEKTRAPPORT



ISSN 0071-5638

## HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

MILJØ - RESSURS - HAVBRUK

Nordnesparken 2 Postboks 1870 5024 Bergen  
Tlf.: 55 23 85 00 Fax: 55 23 85 31

Forskningsstasjonen	Austevoll	Matre
Flødevigen	Havbruksstasjon	Havbruksstasjon
4817 His	5392 Storebø	5198 Matredal
Tlf.: 37 01 05 80	Tlf.: 56 18 03 42	Tlf.: 56 36 60 40
Fax: 37 01 05 15	Fax: 56 18 03 98	Fax: 56 36 61 43

Distribusjon:  
ÅPEN

HI-prosjektnr.:  
05.01.4

Oppdragsgiver(e):

Oppdragsgivers referanse:

Rapport:

### FISKEN OG HAVET

NR. 2 - 1994

Tittel:	Senter:
LODDA I BARENTSHAVET VINTEREN 1994	Ressurs
	Seksjon:
	Pelagisk
Forfatter(e):	Antall sider, vedlegg inkl.:
Harald Gjøsæter	9
	Dato:
	17.03.1994

Sammendrag:

I perioden 20. januar til 6. mars 1994 registrerte F/F "G.O. Sars" og F/F "Johan Hjort" lodde i samband med ungtorskundersøkingane i Barentshavet. Heile det sørlege Barentshavet vart dekka med standard akustisk metodikk. Berre svært spreidde forekomstar av lodde vart observert i januar og februar, men nokre tettare konsentrasjonar med modnande lodde vart observert i mars. Eit akustisk estimat gav totalt 120 000 tonn lodde, der om lag 45 000 tonn var modnande fisk. Det kan konkluderast at loddebestanden i Barentshavet er inne i eit totalt samanbrot, og gyttinga i vinter vil ha eit lite omfang samanlikna med dei tre foregåande åra.

Emneord - norsk:

1. Lodde
2. Utbreiing
3. Mengde

Emneord - engelsk:

1. Capelin
2. Disribution
3. Abundance

*Harald Gjøsæter*  
Prosjektleder

*Svein A. Iversen*  
Seksjonsleder



# Lodda i Barentshavet vinteren 1994

Av Harald Gjøsæter,  
Havforskningsinstituttet

## SAMANDRAG

Hausten 1993 vart mengda av modnande lodde vurdert til 330 000 tonn, og gytebestanden våren 1994 til på lag 130 000 tonn (Anon, 1994a). Dette er langt under det nivået der ICES tilrår eit fiske på denne bestanden. For å overvake denne situasjonen, vart det i vinter gjort freistnad på å kartlegge utbreiinga av, og om mulig vurdere storleiken av den modnande delen av loddebestanden.

I perioden 20. januar til 6 mars registrerte "G.O. Sars" og "Johan Hjort" lodde i samband med ungtorskundersøkingane i Barentshavet. "Johan Hjort" føretok i tillegg eit survey etter lodde i perioden 28. februar til 6. mars. Heile det sørlege Barentshavet vart dekka med standard akustisk metodikk. Dekninga omfattar heile det aktuelle området for modnande lodde, og ein stor del av området for umoden lodde.

Berre svært spredde forekomstar av lodde vart observert i januar og februar, medan nokre tettare konsentrasjonar med modnande lodde vart observert i mars. Lodda stod i tynne slør, og ingen stader var det stimdanning. Eit akustisk estimat gav totalt 120 000 tonn lodde, der om lag var 45 000 tonn var modnande fisk. Estimatet er truleg eit underestimatt, fordi lodda mange stader stod svært spreidd og delvis nær botnen. Resultatet må likevel tolkast som ei stadfesting av dei resultata som vart oppnådd under loddetoktet hausten 1993. Det kan konkluderast at loddebestanden i Barentshavet er inne i eit totalt samanbrot, og gytinga i vinter vil ha eit lite omfang samanlikna med dei tre foregåande åra.

## **SUMMARY**

In autumn of 1993 the maturing component of the Barents Sea capelin stock was estimated at 330 000 tonnes, and the resulting spawning stock size in spring 1994 at 130 000 tonnes (Anon, 1994a). This is far below the level where ICES advices catch quotas for this stock. To monitor this situation, effort was made this winter to assess the distribution and size of the maturing component of the capelin stock.

At the annual survey for young cod in the Barents Sea, during the period 20. January to 6. March, the two research vessels "G.O. Sars" and "Johan Hjort" studied the distribution of capelin. The southern part of the Barents Sea was covered using standard acoustical methods. The covered area includes the distribution area of the maturing part of the capelin stock, as well as a part of the distribution area of the immature stock.

Only scattered occurrences of capelin were observed in January and February, while some density patches of maturing fish were detected in March. An acoustic stock size estimate of 120 000 tonnes was obtained, including about 45 000 tonnes of maturing/mature fish. This is probably an underestimate, but supports the results from last autumn, when a strongly reduced capelin stock was observed. In conclusion, the present investigation supports previous findings of a strongly reduced capelin stock, and the spawning stock this spring will be much lower compared with the three previous years.

## **INNLEIING**

Etter ein relativt svak årsklasse (1991) og eit år med total rekrutteringssvikt (1992), i tillegg til ein kraftig auke i naturleg dødsrate på vaksen fisk, er loddebestanden i Barentshavet inne i eit nytt samanbrot (Anon, 1994b). Etter dei norsk-russiske undersøkingane av pelagisk fisk i Barentshavet hausten 1993, der totalbestanden vart vurdert til 800 000 tonn, og den modnande delen av bestanden til 330 000 tonn, tilrådde ICES (Anon, 1994c) at det ikkje skulle fiskast lodde i Barentshavet i 1994. Arbeidsgruppa på sild og lodde innan ICES meinte at gytebestanden våren 1994 kunne verta så liten som 130 000 tonn (Anon 1994a). I denne

situasjonen var der særstakt viktig at ein vinteren 1994 overvaka loddebestanden, for å kartlegge fordeling og storleik av den modnande komponenten. Sidan heile det aktuelle området vert dekka under ungtorskundersøkingane, valde ein å kombinere loddeundersøkingane med desse. I tillegg vart eit av fartøya, "Johan Hjort", bruka til reine loddeundersøkingar ei veke i byrjinga av mars. Denne rapporten oppsummerer nokre resultat frå loddeundersøkingane på desse tokta.

## RESULTAT

### Gjennomføring

"G.O. Sars" og "Johan Hjort" deltok begge i ungtorskundersøkingane i januar-mars 1994. "Johan Hjort" gjekk i slutten av januar til Bjørnøya, og kryssa derifrå austetter nord om  $74^{\circ}\text{N}$ , til  $34^{\circ}\varnothing$ . I februar arbeidde dette fartøyet i hovudsak aust for  $36^{\circ}\varnothing$  og sør for  $74^{\circ}\text{N}$ . "G.O. Sars" dekka frå 1. februar til 20. februar eit område mellom  $27^{\circ}$  og  $40^{\circ}\varnothing$ , og mellom  $71^{\circ}$  og  $75^{\circ}\text{N}$ . Etter 20. februar dekka dette fartøyet områda vestanfor  $27^{\circ}\varnothing$ . Frå 28. februar til 6. mars gjorde "Johan Hjort" ei akustisk kartlegging av lodde. Utbreiingskarta for lodde frå begge fartøya fram til slutten av februar var på dette tidspunktet tilgjengelege om bord i "Johan Hjort", og kursnettet vart planlagt basert på denne kunnskapen. Området mellom  $70^{\circ}$  og  $74^{\circ}30'\text{N}$  og mellom  $31^{\circ}$  og  $37^{\circ}\varnothing$  vart dekka i denne perioden, i tillegg til ein kurs langs kysten vestover til Nordkapp. Denne rapporten oppsummerer resultata på lodde frå desse tokta.

### Geografisk dekning

Til saman dekka dei to fartøya i løpet av januar og februar heile området der modnande lodde plar stå på denne årstida, dvs sør for  $74^{\circ}\text{N}$ . I tillegg vart området nord for  $74^{\circ}\text{N}$ , og vest for  $33^{\circ}\varnothing$ , der den umodne loddaplars opphalde seg om vinteren, dekka i januar. Området mellom  $30^{\circ}$  og  $37^{\circ}\varnothing$  sør for  $74^{\circ}30'\text{N}$ , der modnande lodde ofte samlar seg før innsiget mot kysten

startar, vart dekke om att første veka i mars. Denne dekninga vart mykje hindra av dårlig vær. Den totale dekninga under vintertoktet må likevel seiast å vera god, dvs det er lite sannsynleg at vesentlege mengder lodde, i alle høve modnande lodde, skulle vera utanfor det dekka området. Kursar og stasjonar er vist på figur 1 og 2.

## **Utbreiing i januar og februar**

Det vart ikkje funne vesentlege konsentrasjonar av lodde innanfor det undersøkte området. Svært spreidde forekomstar vart funne over store deler av området.

Det vart lokalisert svært lite umoden lodde. I eit lite område mellom  $75^{\circ}$  og  $75^{\circ}30'N$  og mellom  $30^{\circ}$  og  $31^{\circ}\varnothing$  stod umoden lodde i konsentrasjonar av opp til 10 tonn/nautiske mil<sup>2</sup>. Vidare vart umoden lodde funnen i eit område mellom  $70^{\circ}30'$  og  $71^{\circ}20'N$  og mellom  $40^{\circ}$  og  $43^{\circ}\varnothing$ . Dette var svært små eitt-åringar, frå 4.5 til 7 cm lange, truleg avkom etter seint gytande lodde sommaren 1993. Elles vart umoden lodde funnen saman med modnande lodde over mesteparten av det undersøkte området, alle stader i svært låge konsentrasjonar.

Modnande lodde vart funnen i blanding med umoden heilt nord til  $75^{\circ}N$ , men berre sør for  $74^{\circ}N$  i reine konsentrasjonar. Følgjande område hadde slike reine forekomstar av modnande lodde:  $73^{\circ}30'$  til  $74^{\circ}N$ ,  $37^{\circ}$  til  $38^{\circ}\varnothing$  og  $71^{\circ}$  til  $72^{\circ}N$ ,  $39^{\circ}$  til  $41^{\circ}\varnothing$ . Lodde vart berre observert i slør, ikkje i stimar, og for det meste i konsentrasjonar på under 0.5 tonn/nautiske mil<sup>2</sup>.

Sjølv der kor det ikkje var mogeleg å skilje ut lodde på ekkogramma, var det vanleg å få nokre få eksemplar i trålfangstane, både pelagisk og ved botnen. Utbreiinga er vist på Fig. 3.

## **Utbreiing i mars**

Nord for  $72^{\circ}N$  i det dekte området vart det berre påvist tynne registreringar av lodde. Langs ein kurs mellom  $72^{\circ}N$ ,  $36^{\circ}\varnothing$  til  $71^{\circ}15'N$ ,  $33^{\circ}30'\varnothing$  vart det påvist eit flak med relativt høge verdiar av modnande lodde. Grunna dårlig vær og lite tid vart ikkje storleiken på denne konsentrasjonen nærare kartlagt. Det er grunn til å tru at dette var lodde som hadde samla seg og var på veg mot land for å gyte.

## Mengde

Det er svært vanskeleg å mengdemåle lodda akustisk når ho går i så spreidde forekomstar som det ho gjer i vinter, og tala vil difor vera ekstra usikre. Eit akustisk estimat basert på begge fartøya i perioden 21. januar til 28. februar, er vist i Tabell 1. Totalestimatet, som omfattar både umoden og modnande lodde, er på lag 120 000 tonn. Dersom vi reknar at all lodda over 14 cm vil gyta i år, gir dette ein gytebestand på om lag 45 000 tonn. Lodda som stod nede ved botnen, og som jamt over var større enn gjennomsnittet, er i liten grad dekka av det akustiske estimatet. Det er vanskeleg å vurdere kor mykje dette kan utgjera på gytebestanden.

Det vart ikkje gjort noko forsøk på å mengdemåle lodde i mars, til det var tida for knapp og dekninga for därleg.

Det internasjonale Havforsksrådet vurderte, utfrå resultata av loddeundersøkingane hausten 1993 og venta dødsrate vinteren 1994, at gytebestanden våren 1994 kunne verta på lag 130 000 tonn, altså tre gonger så mykje som det akustiske estimatet i januar - februar viser. Utfrå dei erfaringane vi har frå tidlegare år, veit vi at akustiske loddeestimat om vinteren alltid er underestimat. Det er likevel ingenting som tyder på at gytebestanden i vår vert større enn prognosane gjevne på grunnlag av hausttaktet 1993.

## Litteratur


- ANON, 1994a. Report of the Atlanto-Scandian Herring and Capelin Working Group, Copenhagen, 18-22 October 1993. ICES, C.M. 1994/Assess:8, 1-78.
- ANON, 1994b. Ressursoversikt 1994. Fisken og Havet, Særnummer 1 1994, 1-104.
- ANON, 1994c. Extract of the report of the Advisory Committee on Fishery Management to the North-East Atlantic Fisheries Commission October/November 1993. Herring north of 62°N, Capelin. ICES, Copenhagen, 1-13.

Tabell 1. Akustisk mengdeestimat av lodde januar og februar 1994, basert på data fra "G.O. Sars" og "Johan Hjort"

*Table 1. Acoustic estimate of the capelin stock January and February 1994, based on data from "G.O. Sars" og "Johan Hjort"*


Antall i omr. :  $N \times 10^6$       Middel-lengde : Cm  
 Vekt i omr. : Tonn  $\times 10^{-3}$       Gj.vekt : Gram  
 Kondisjon :  $1000 \times \text{Vekt} / \text{Lengde}^3$       C :  $2.000 \times 10^6 \times L^{-1.91}$

Område : Alle								
Lengde	ALDER						Vekt	Gj.v
	1	2	3	4	5	6		
4.5- 4.9	255						.1	.5
5.0- 5.4	872						.6	.7
5.5- 5.9	505						.5	.9
6.0- 6.4	115						.1	1.1
6.5- 6.9	27						.0	1.3
7.0- 7.4	7						.0	1.5
7.5- 7.9	4						.0	1.7
8.0- 8.4		47					.1	2.0
8.5- 8.9		130					.3	2.0
9.0- 9.4		412					.9	2.2
9.5- 9.9		584					1.8	3.0
10.0-10.4		733	86				2.8	3.5
10.5-10.9		635	127				3.0	4.0
11.0-11.4		661	713				6.4	4.7
11.5-11.9		456	1068				8.3	5.4
12.0-12.4		92	2257				15.0	6.4
12.5-12.9		38	1977				14.7	7.3
13.0-13.4		17	1307	50			11.5	8.4
13.5-13.9			788	127			9.0	9.8
14.0-14.4			604	251	15		10.0	11.5
14.5-14.9			304	442	24		10.1	13.1
15.0-15.4			214	309	36		8.2	14.6
15.5-15.9			93	228	33		5.9	16.7
16.0-16.4			56	249	13		6.0	19.0
16.5-16.9			4	109	29		3.0	20.8
17.0-17.4				55	14		1.6	23.7
17.5-17.9				22	11		.9	25.9
18.0-18.4					7		.2	27.5
18.5-18.9						0	.0	.0
19.0-19.4						0	.0	.0
19.5-19.9						0	.0	.0
20.0-20.4					2	2	.1	36.0
Antall:	1785	3805	9598	1842	184	0	17214	
Gj.lgd:	5.42	10.51	12.78	15.21	15.97	.00	11.81	
Vekt:	1.4	14.3	74.3	27.9	3.3	.0	121.2	
Gj.vkt:	.8	3.8	7.7	15.2	17.9	.0	7.0	
Kond.:	4.7	3.1	3.6	4.2	4.3	.0	3.7	




Figur 1. Kursar og trålstasjonar for "G.O. Sars" 1/2 til 10/3, og for "Johan Hjort" 21/1 til 27/2 1994

Figure 1. Sailing route and trawl stations for "G.O. Sars" from Feb. 1. to March 10., and for "Johan Hjort" from Jan. 21. to Feb. 27. 1994



Figur 2. Kursar og trålstasjonar for "Johan Hjort" 28/2 til 6/3 1994  
*Figure 2. Sailing route and trawl stations for "Johan Hjort" from Febr. 28. to March 6. 1994*



Figur 3. Utbreiing og tettleik (tonn pr kvadrat nautiske mil) av lodde i perioden 20/1 til 27/2 1994  
Figure 3. Distribution and density (tonnes per square nautical mile) of capelin in the period Jan. 20. to Febr. 27. 1994

## **SAMANDRAG** (til tittelside)

I perioden 20. januar til 6 mars registrerte "G.O. Sars" og "Johan Hjort" lodde i samband med ungtorskundersøkingane i Barentshavet. Heile det sørlege Barentshavet vart dekka med standard akustisk metodikk. Berre svært spredde forekomstar av lodde vart observert i januar og februar, medan nokre tettare konsentrasjonar med modnande lodde vart observert i mars. Eit akustisk estimat gav totalt 120 000 tonn lodde, der om lag 45 000 tonn var modnande fisk. Det kan konkluderast at loddebestanden i Barentshavet er inne i eit totalt samanbrot, og gytinga i vinter vil ha eit lite omfang samanlikna med dei tre foregåande åra.

## **SUMMARY**

The abundance and distribution of the Barents Sea capelin stock was studied during the period 20. January to 6. March. The southern parts of the Barents Sea were covered using standard acoustical methods. Only scattered occurrences of capelin were observed in January and February, while some dense patches of maturing fish were detected in March. An acoustic stock size estimate of 120 000 tonnes was obtained, including about 45 000 tonnes of maturing/mature fish. In conclusion, the present investigation supports previous findings of a strongly reduced capelin stock. The spawning stock this spring will be much lower compared with the three previous years.